

Frå redaktøren: Skifte i redaksjonen

Eg vil byrje med å takke Kristin Melum Eide og Tor Anders Åfarli for den redaktør oppgåva dei har utført for Norsk Lingvistisk Tidsskrift. Dei har gjort mykje for å halde oppe den gode kvaliteten på dette tidsskriftet, slik at vi framleis har eit framifrå forum for artiklar om ymse lingvistiske emne på norsk. Vitskapsakademiet har no peikt ut meg som ny redaktør, noko eg audmjukt har svara ja til.

Vi skal heller ikkje gløyme dei ekspertane vi har i redaksjonsrådet. Ifylgje retningslinene til tidsskriftet skal det gjerast endringar i redaksjonsrådet ved redaktørskifte. Denne gongen takkar vi av John Ole Askedal og Michael Barnes. Dei har lagt ned mykje arbeid for tidsskriftet. Det gjeld ikkje minst Askedal, som også har vore redaktør, og som i denne utgåva har skrivne ei bokmelding. Dei vert erstatta av dei tidlegare redaktørane Eide og Åfarli. Eg vil òg takke redaksjonssekretær Helga Mannsåker ved Universitetet i Bergen, som har lese alle artiklane på ein særskild grundig og samvetsfull måte. Ho skal no konsentrere seg om å gjere ferdig doktoravhandlinga si.

Eg kjem ikkje til å gjere store endringar, men som de ser, vil hovudspråket frå redaksjonen si side vere nynorsk. Det tykkjer eg er rimeleg, sidan språket nokre år no har vore bokmål. Andre tidsskrift som gjev ut artiklar om språkvitenskap på norsk, har vald bokmål. Det gjeld til dømes *Maal og Minne* og *Nordland*. Nynorsk var faktisk språket til redaksjonen i NLT i byrjinga for 33 år sidan.

Ei anna endring er at vi no nyttar Internettet meir aktivt. Somme har sett at vi no har ei side på Facebook. Om de ikkje alt har gjort det, så gå til denne sida og lik henne, og les litt om kva som skjer. De er sjølv sagt òg velkomne til å skrivne på sida sjølv. Sjølv hovudsida til tidsskriftet er òg fornya. Der vil de finne informasjon om spesialutlysingar til komande nummer, og vi har jamvel lagt ut artikkelen om historia til NLT, skriven av grunnleggjaren av tidsskriftet, Ernst Håkon Jahr, til 30-årsjubileet.

Vi vil framleis ha ei blanding av nummer med artiklar av allmenn, språkvitenskapleg karakter og nummer om særskilde emne. No ligg det ute ei utlysing om samisk. Vi skal òg halde fram med bokmeldingar. Dette er ei sentral opp-

gåve for NLT, og vi vonar at lesarane set pris på denne moglegheita til å verte kjende med noko av det som vert skrive om språkvitskap av interesse for norske lingvistar. I vår tid er det mykje som vert skrive innanfor fagfeltet, og bokmeldingar er eit særst godt verktøy for å få vite om nye bøker som kan ha interesse for oss. Eg vonar at dei som vert spurde om å skrive slike meldingar, ser nytta av dei, og svarar positivt.

Framleis vil vi ha ei streng fagfellevurdering med minst to ekspertar for kvar innsende artikkel. Fagfellevurderinga er som alltid dobbeltblind, slik at den som vurderer artikkelen, ikkje veit kven som har skrive han, og den som har skrive, ikkje veit kven som har vurdert han. Mange undersøkingar har vist at dobbeltblinde vurderingar gagnar kvinner så vel som unge forskarar.

Når fagfellevurderingane er blinde, vert ikkje det viktige arbeidet desse ekspertane har gjort, synleg for oss andre. Dette er noko eg vil endre på. I siste utgåva kvart år vil eg takke dei og nemne dei med namn (sjølvst om dei ikkje ynskjer å vere namnlause).

Alle nummer av NLT som er eldre enn eitt år, kan lesast med fri tilgang. Se lenkja nedanfor.

Eg gler meg til dei neste fem åra, og vonar at de lesarar og kollegaer vil gjere det de kan for at vi saman kan skape eit om mogleg enda betre tidsskrift for faget vårt.

Lenkjer:

<https://www.facebook.com/norsklingvistisktidsskrift/?fref=ts>

http://web.novus.no/Novus_tidsskrifter/NLT.html

Blindern, 13. juni 2016,
Janne Bondi Johannessen
Redaktør, NLT